



16 år gamle Vår Eik Litland imponerte i U-20 NM

Søskena Håkon(18) og Vår(16) Eik Litland er to av Norges aller største talent i kastøvelsar i friidrett. Begge har hevda seg svært godt mot dei beste norske ungdommane denne sesongen. Mor deira er Kjellaug Eik Litland, og dermed vert dei to talentfulle ungdommane barnebarna til Liv og Audun Eik.



[Håkon Eik Litland tar mot gullmedaljen som bevis på dagens imponerende siger.](#)

I helga deltar dei to i U-20 NM i Sigdal, og i dag varta dei opp med svært gode resultat i spesialøvingane sine. Håkon har spesialisert seg på sleggekast, og han fekk opp sterke 65,75, og det var det ingen av konkurrentane som kunne tukta. Dermed vart det ein veldig fortent gullmedalje i meisterskapet til ungguten som konkurrerer for Laksevåg. Han vann med klar margin til nr.2 Arne Osnes Devik som hadde 61.31 som bestekast.

Unge Vår Eik Litland har gjennom sesongen vist at ho kan hamla opp med eldre konkurrentar i spyd. I dag fekk ungjenta opp eit lengstekast på 42,60m og med det fekk 16-åringen ein flott 2. plass og sølvmedalje i U-20 meisterskapet. Vinnar vart Vibeke Engen med 45,09 m.

Vi gratulerer dei to ungdommane, og ser fram til å følgja utviklinga deira framover. Denne sesongen har begge hatt flott framgang. Håkon sin personlege rekord i slegge er no 67,03 m, medan det lengste spydkastet Vår har levert er på 46,47 m.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland
Private foto frå TV.